



VESTNES KOMMUNE

Tekniske tenester

Administrativt vedtak

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 Oslo

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Arkivsaksnr.	Saksbehandlar / Tlf
10.10.2017	17/857	14937/2017	2013/854	Alexander Connor 71 18 40 80

Saksnr.: 50/2017
Landbruks- og miljøraker

Høyring - endring av reglane for nydyrking - forbod mot dyrking av myr.

Vestnes kommune syner til forslag om endring i jordlova og reglane for nydyrking og forbod mot nydyrking av myr som Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring.

Ein ser det som positivt at klima vert eit vurderingskriterium ved oppdyrking, men eit totalforbod mot dyrking av myr kan gjere at enkeltbruk i kommunen ikkje har moglegheiter til å utvide produksjonsarealet sitt i nærleiken av driftssenteret. Følgjene blir soleis lengre transport av fôr og gjødsel som igjen vil vere ei drifts- og miljømessig ulempe.

Vestnes kommune vil difor fråå at det vet innført eit generelt forbod mot nydyrking av myr

Helsing

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Emil Balstad
einingsleiar

Alexander Connor
jordbruksansvarleg